Q12



# S æ r u t s k r i f t

av møte i Meland formannskap 25.1.1977.
Alle medlemene var tilstades.

MELAND KOMMUNE
KOMMUN...
MOTTATT 4 ...
ARKIV NR: ...

Sak nr. 57.

Vedk. disponering av rekkehus. - Frekhaug Borettslag.

Viser til sak nr. 56/77.

Samrøystes vedtak:

"Sigfrid og Hilmar Viken frå disponera ledig rekkehus i Frekhaug Borettslag for ein periode av 1 år."

Rett utskrift.

Vert sendt til: Sigfrid og Hilmar Viken
Sosialsjefen
Komm.kass.
Revisor
Komm.ing.

Meland formannskap, 4.2.1977.

Helge Thorsen
Helge Thorsen
sekr.

Q13

S æ r u t s k r i f t

av møte i Meland kommunestyre 10.2.1977.
Alle medlemene var tilstades.

MELAND KOMMUNE
KOMMUNEINGENIØREN
MOTTATT 21 FEB 1977
ARKIV NR: 23-139

Sak nr. 28.
Disponering av rekkehus, - Frekhaug borettslag.
Viser til formannskapssak nr. 56 og 57/77.

Samrøystes vedtak:
"Sigfrid og Hilmar Viken får disponera ledig rekkehus i Frekhaug Borettslag for ein periode av 1 år."
Rett utskrift.

Vert sendt til: Sigfrid og Hilmar Viken
Komm.ing.
Komm.kass.
Revisor.

Meland formannskap , 18.2.1977.

Helge Thorsen
Helge Thorsen
sekr.

Q14

# S æ r u t s k r i f t

av møte i Meland kommunestyre 15.3.1977.

Alle medlemene var tilstades.

MELAND ...
...NEIRSENE...
MOTTATT 30. ...
ARKIV NR: ...

Sak nr. 60.

Sal av husvære - Frekhaug Borettslag.

Låg føre søknad, d. 12.8.75, frå Mary Benæs, der ho ber om å få kjøpa kommunalt husvære nr. 4, husrekke 2, Frekhaug Borettslag. Saka var føre 22.8.75, men vart utsett, då Mary Benæs skulle reise vekk for ei tid, grunna vidare skulegong.

Då 1 medlem av formannskapet ynskjer å stå fritt i saka, vil 4 av formannskapet sine 5 medlemer gje slik tilråding til kommunestyret:

"Kommunestyret godkjenner at Mary Benæs får kjøpa kommunalt husvære nr. 4, husrekke 2 i Frekhaug Borettslag.
Det vert å få rettleiande uttale frå Vestbo når det gjeld overdrageingsprisar."

Samrøystes vedtak:

"Kommunestyret godkjenner at Mary Benæs får kjøpa kommunalt husvære nr. 4, husrekke 2 i Frekhaug Borettslag.
Det vert å få rettleiande uttale frå Vestbo når det gjeld overdragingsprisar. Overdragingsprisen vert å fastsetja i neste kommunestyremøte."

Rett utskrift.

Vert sendt til: Mary Benæs og komm.ing.

*Meland formannskap*, 28.3.1977.

Helge Thorsen

Helge Thorsen
sekr.

Q15

MELAND KO...
KOMMUNEINGE...
MOTTATT 28 MRS 1977
ARKIV NR.......

S æ r u t s k r i f t

av møte i Meland kommunestyre 15.3.1977.
Alle medlemene var tilstades.

**Sak nr. 56.**
Vedk. dugnadstimar - Frekhaug Borettslag.

Viser til formannskapssak nr. 528/76, der det vart gjort samrøystes vedtak om at formannen i Frekhaug Borettslag vert kalla inn til møte med formannskapet tysdag 30.11.76 kl. 20.30.
Møtet kom ikkje istand, då formannen i Frekhaug Borettslag var hindra i å møta.
Formannskapet drøfta saka med formannen 15.2.77.

**Samrøystes vedtak:**
"Det vert å dekka inn for dugnadstimar i Frekhaug Borettslag 1975/76 med kr. 1.940,-. Kostnaden vert å dekke over konto 1.730.150."

Vert sendt til: Komm.ing.
Komm.kass.
Revisor

Meland formannskap, 24.3.1977.
Helge Thorsen
Helge Thorsen
sekr.

Q 16

# S æ r u t s k r i f t

av møte i Meland kommunestyre 19.4.1977.
Alle medlemene var tilstades.

26.

**Sak nr. 81.**

Sal av husvære i Frekhaug Borettslag.

Etter kommunestyresak nr. 60/77 vil helsesøster Mary Benæs få kjøpa og overta kommunen sitt husvære nr. 4, husrekke 2, i Frekhaug Borettslag. Kjøpesummen vart ikkje fastsett. Ordføraren har drøfta saka med Vest Bo. Det må reknast med ei prosentvis oppskriving av grunninnskotet med tillegg av event. påkostnader for å finna salssummen.

**Samrøystes vedtak:**

"Salssummen for husvære nr. 4, husrekke 2 i Frekhaug Borettslag vert sett til kr. 53.000,-. Eventuelle overdragingskostnader er ikkje medrekna og fell på kjøparen."

Rett utskrift.

Vert sendt til: Mary Benæs
komm.kass.
revisor
komm.ing.

Meland formannskap, 25.4.1977.

Helge Thorsen
Helge Thorsen
sekr.